

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 30.03.2017

Leiar for seksjon plan ved regionalavdelinga, Marit Rødseth orienterte om planseksjonen og regional planlegging. Oversyn over planoppgåver 2016-2020 og regionale planar vart delt ut i møtet.

Følgjande var tatt opp under punktet ymse:

- Orienteringar frå bukarutvala
 - Helse Fonna 25.01.17 v/Kåre Ystanes på vegner av Synnøve Solbakken, jf RS 7/17
 - Utdelt referat frå møtene 20.01. og 20.02.17 Helse Bergen v/Inger M Lingjerde. Foilane som ikkje var vedlagt vert distribuert seinare.
 - Utdelt referat frå møte 13.03.17 Helse Fonna v/Gunda F Sparre

- Utkast til uttalar
 - Monrad Reigstad; brev til NAV rundt problematikken med å få ut oversikt frå NAV
 - Inger Sjong; brev til Skyss om behovet for servicelinjer «på tvers» av bydelane. Blir også eit punkt i uttalen til transportplanen

- Eldrerådskonferansen 2017
 - Dato: 7. – 8. november 2017
 - Aktuelle tema; regionale planar, tannhelse på institusjonar. Forslag til fleire tema på båten/studieturen til Danmark i neste veke.
 - Sekretariatet ber om tilbod frå aktuelle avtalehotell for arrangement av konferanse.
 - Sekretariatet førespør fylkesordførar om å opne konferansen

- Studietur til Danmark 3. – 7. april
 - Innsjekk Fjordline kl 12:30. Hugs legitimasjon med bilete.

- Landsmøte i Ålesund 22. – 24. mai
 - Sekretariatet melder på rådsmedlemane inklusiv sekretær innan fristen 3. april og bestiller reisa.

- Reglement for fylkeseldrerådet som er nedfelt i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune vart delt ut i møtet

- Skriv frå helseutvalget i Pensjonistforbundet Hordaland v/Hjelmervik; «Eldre døde som blir tilsidesatt i kommuner i Hordland» vart delt ut i møtet.
 - Kåre Ystanes tar kontakt med leiaren i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som også har mottatt skrevet.